

Månedsbrev desember

Drømme-
hagen



Me ser tilbake på november..... -med takknemlighet! Me har fortsett å jobba med temaet takknemlegheit. Me har hatt samlingar om at me er takknemlege for kroppen vår frå topp til tå; og alle sansane våre. Me har snakka om kva dyr som er på garden, og om at kua gjer oss bl.a. melk og ost. Me har høyrte eventyra om Dei tre bukkene Bruse og Gullhår og dei tre bjørnane. I kristen samling har me høyrte om den gode hyrden, som passer godt på alle sauene sine! I tillegg har me sunge, spela musikk, dansa og kost oss. Me ser ei barnegruppe som trives i lag, barn som er glade i kvarandre, - og som viser det i ord og handlingar!

I desember ser me fram til Å høyra om kvifor me feirer jul; At Gud vart menneske, fødtes i ein stall og kom for å frelse alle mennesker.

Me vil ha krybbe-samlinger kvar dag der me får lov til å dele julebudskapet.

I vinduet heng flotte, pynta pepperkakehjerter. Kvar dag vil eit av barna få med seg sitt hjerte heim. Me tenner lys, syng sanger saman og har med ulike ting i esker og koffertar.

Me ønskar at denne måneden skal vere prega av lys og håp, fellesskap, takknemlegheit, tru, glede, overraskingar, undring, ro og tid til kvarandre.



«I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krybbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede il!»
Lukas 2.11

Hugs:

- Me starter samlingane kl.09:00
- Mandag 17.desember skal me ha Stallsamling for alle barn og ansatte i barnehagen. Då samles me på danseloftet, syng i lag og fortel juleevangeliet med drama og utkledding.
- Torsdag 13.desember er det Lucia-dagen. Då vil Rødkløvergjengen (5-åringane) kome på besøk til Drømmehagen med lussekatter og sang.
- Julafta, 1. og 2.juledag og nyttårsafta er barnehagen stengt.
- Onsdag 2.januar er planleggingsdag. Barnehagen er då stengt.

Nokon sanger me vil synga i desember:

Et barn er født i Bethlehem,
Tenn lys,
O, jul med din glede
Josef og Maria

Me ønskjer alle
ei velsigna julehøgtid
og alt godt
for året som kjem!